

Preses Olav Fykse Tveit

Helsing til ny Oslo biskop, Sunniva Gylver

Oslo Domkyrkje, 6. desember 2024

Kjære Sunniva Gylver!

Hjarteleg til lukke med det nye kallet du har fått!

Å vere biskop i Oslo bispedømme er ei stor og spesiell oppgåve. Du går inn i ei rekke av mange ulike biskopar som har sett sitt preg på den. Du gjer det med dei nådegåvene du har.

Du har brukt dei og heile deg i tretti år i ditt mangfaldige presteliv her i byen i dei ulike kyrkjelydane du har vore. Du har også brukt din solide kompetanse og di gāve til å formidle evangeliet om Jesus Kristus i store og små rom, i ulike medier, i alle slags møter med menneske og alle slags menneske. I alle slags situasjonar og til all slags tider.

Å vere biskop er å vere leiar i kyrkja. Du er ein leiar som leier an. Du står fram med frimod og styrke, men også med innsikt og dyrekjøpte erfaringar som gjer at du forstår mykje og kan setje ord på det. Du kjenner mange sider av menneskelivet, og du kjenner dei mange sider ved det å vere kyrkje med folk og for folk. Du er ein sterk leiar i åpen folkekirkje og i ei frimodig kyrkje, der bøn og arbeid går hand i hand.

Du viser veg, og du går den sjølv. Du har ikkje minst fått vise mange at at det er ein god veg å gå i Jesu etterfølging, ein veg som er open for alle. Ikkje minst har du gitt mange unge menneske eit godt kart å følge i livet.

Ja, og du går – nokså bokstavleg – når du ikkje syklar, og viser at vi er kyrkje i ei såra verd som Gud har skapt og bryr seg om. Du vil merke at det er mange – både såra og sterke menneske – som treng biskopens blikk og støtte. Det trur egd ei vil kjenne at dei får

No skal du gå saman med dine kollegaer i dette bispedømmet inn i ein ny fase av livet og tenesta. Kyrkja her i Oslo bispedømme har så mange dyktige medarbeidarar, både tilsette og frivillige. Du skal gå saman med dei alle og møte både utfordringane og mulighetene som ligg framfor dei og oss alle i Den norske kyrkja og i det økumeniske fellesskapet.

Du går inn i eit nytt kollegaforhold til oss som er biskopar. Eg ønskjer deg varmt velkommen på vegne av dei inn i denne tenesta, der du har mykje å kome med. Du vil både utfylle og utfordre oss i dette kollegiet. Det ser vi fram til.

Takk for at du har stilt deg til disposisjon for denne oppgåva og denne prosessen! Utan at fleire dugande og kompetente kandidatar er villige til å stå til disposisjon, får vi heller ikkje gode biskopar. Det var tre svært gode kandidatar Kyrkjerådet skulle ta stilling til i siste runde. Berre ein kunne bli biskopen, dei to andre, Sturla Stålsett og Ingeborg Sommer fortener ein varmt takk for deira vilje til å gå inn i denne prosessen og stå i den heile vegen.

No ser vi fram til bispevigslunga her sundag 23. februar her i Oslo Domkyrkje.

Vi ber om Guds velsigning over din utgang frå der du har vore og din inngang i denne nye oppgåva, over deg og over dine nærmeste i dei vekene som no kjem.